

SØKNAD – vedlegg 2

Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse – HORDALAND

1. Mål for ordninga

Hordaland fylkeskommune og kommunane Askøy, Fjell, Bømlo og Stord legg hovudmål og delmål utarbeidd av Helsedirektoratet til grunn for kartleggings- og utviklingsarbeidet Sjå pkt 8.3.

2. Målgruppe

Kommunane har lagt kartleggings- og utviklingsarbeid knytt til befolkninga til grunn. Nærmare om kvar deltakar kommune sjå punkt 12.

3. Kriterier for måloppnåing

Kriterier oppgjevne i søknadsutlysinga frå Helsedirektoratet er brukt som søknadsgrunnlag frå kommunane, til utvikling av søknaden og som rettesnor for seinare måloppnåing.

4. Tilskotsmottakar

Hordaland fylkeskommune søker om å bli deltakarfylke gjennom tilskottsordninga *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse*. Fylkeskommunen har inngått samarbeid med kommunane Askøy, Fjell, Bømlo og Stord. Deltakarkommunane har søkt deltaking etter opne prosessar. Sjå pkt.5. Vurdering av kommunar /eksempelkommunar er vist i beslutningsnotat som er lagt ved søknaden (vedlegg nr 1).

Det er inngått ei kort intensjonserklæring der kommunen bekreftar deltaking i prosjektet og seier seg samd i å inngå samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune hausten 2015. Dokumentet har underskrift frå rådmann eller den kommunane har delegert mynde til og fylkesdirektør for regionalutvikling for Hordaland fylkeskommune.

Det vil bli utvikla samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og deltakarkommunane om Hordaland vert tildelt tilskotsmidlar. På grunn av ferieavvikling både i fylkeskommunen og i kommunane er dette dokumentet ikkje utarbeidd ved innsending av søknaden til Helsedirektoratet.

Ei samarbeidsavtale/konsortieavtale mellom Høgskulen i Bergen og Hordaland fylkeskommune er under utvikling. Avtalen vil bli inngått om Hordaland blir prosjektfylke.

5. Kunngjering

Hordaland fylkeskommune har kunngjort ordninga for kommunane og hatt opne søkjarprosessar. Ordninga er kunngjort gjennom kontakt på e-post til alle dei 33 kommunane i fylket.

- 27.05.15: E-post til kommunane med invitasjonsbrev frå Helsedirektoratet og invitasjon til orienteringsmøte med Hordaland fylkeskommune. Mottakar: folkehelsekontaktar.
- 09.06.15: Informasjonsmøte. 7 kommunar møtte.
- 12.06.15: E-post til kommunane med førebels søknadsskjema, samt grunnlagsdokument frå Helsedirektoratet. Presentasjon frå informasjonsmøte, samt tidsplan mm. Mottakar: folkehelsekontaktar.
- 23.06.15: E-post til kommunane vedlagt formelt invitasjonsbrev med søknadsskjema frå fylkesdirektør for regionalutvikling. Mottakar: postmottak i kommunane og folkehelsekontaktar.

6. Krav til form og innhald i søknaden

Søkjjar: Hordaland fylkeskommune
Adresse: Postboks 7900, 5050 Bergen
Org.nr: No 938 626 367 mva.
Organisasjonsform: Offentleg verksemd, fylkeskommune
Kontonummer: 5201 06 74 239. Merka Regional avdeling - folkehelseprosjekt
Kontaktperson: Else-Marie Brobakke Aarø

Søkjjar sitt føremål med tilskotet: Kartleggings- og utviklingsarbeid i kommunane Askøy, Fjell, Bømlo og Stord, for å få fram kvalitativ kunnskap om nærmiljøkvalitetar som enten fremjar eller hemmar helse og trivsel gjennom medverknad frå befolkninga.

Søknadsbeløp: 2 mill.
Budsjett: Sjå søknaden.
Kontrolltiltak - økonomi: Fylkeskommunen vil opprette eige prosjektnummer i rekneskapssystemet. Hordaland fylkeskommune kan gjennom rekneskapssystemet ØKO-FOKUS hente ut rapporter på alle regnskapsnivå. Hordaland fylkeskommune har gode system for revisjon, god internrevisjon og autorisert revisor ved Deloitte. Politisk kontroll ved Kontrollutvalet. Det er offentlig innsyn i alle dokument.

Tildeling av midlane vidare til deltakarkommunane vil skje i form av tilsegnsbrev. Kriterier her vil byggje på Helsedirektoratet sine formular for tilskotsordningar. For samarbeid med Høgskulen i Bergen vil samarbeidsavtale/konsortieavtale ligge til grunn.

Kontrolltiltak på rapportering og måloppnåing: Helsedirektoratet sine krav slik dei er skisserte i utlysningsteksten for ordninga vil ligge til grunn. Form og tidspunkt for rapportering og måloppnåing vil bli innarbeidd i samarbeidsavtalar med kvar deltakarkommune.

For samarbeid med Høgskulen i Bergen vil samarbeidsavtale/ konsortium avtale ligge til grunn for når og på kva HiB skal rapportere.

7. Prosjektskildring/tiltak

7.1 Kriterier og val av deltakarkommunar

Hordaland fylkeskommune har valt 4 kommunar, to i Sunnhordland og to i Vestregionen. Kommunane har frå ca. 11 000 til 30 000 innbyggjarar. 7 kommunar søkte om deltaking innan fristen den 24.07.15. Ein kommune sende søknad etter fristen, men blei vurdert.

Søkjarkommunane:

- Sunnhordaland: 3 kommunar søkte. Bømlo med innbyggjartal ca. 11 800, Stord med innbyggjartal ca. 18 700 og Sveio ca. 5500.
- Vest: 3 kommunar. Askøy med innbyggjartal ca. 29 900, Fjell med innbyggjartal ca. 24 500 og Sund med innbyggjartal ca. 6700.
- Hardanger: Kvam med innbyggjartal ca. 8500.

Hordaland Fylkeskommune har, i tillegg til ei skjønsmessegr vurdering og lagt vekt på følgjande:

- Grad av forankring av prosjektet i kommunen.
- Om søknaden frå kommunen er i tråd med målområda skissert av Helsedirektoratet.
- Om prosjektet verkar gjennomførbart.
- Om prosjektet er del av eit tverrsektorielt arbeid i kommunen.
- Korleis kommunen tenkjer å nytte utviklingsarbeidet inn i eige planarbeid etter Plan - og bygningslova.

- Kva planar kommunen har for å innarbeide kunnskapen i «Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar».
- Planar for medverknad av befolkninga.
- Dei valte kommunane ligg i område med forventa folketalsvekst

Vurderingskriteria over er opplyst om til kommunane gjennom e-post den 23.06.15. Valet av kommunar er gjort av direktøren for regional utvikling i Hordaland etter faglege råd frå seksjonane for plan, næring og folkehelse.

8. Mål og rammer

8.1 Bakgrunn - sett frå regionalt nivå

Hordaland fylke ligg i ein sterk vekstregion både nasjonalt og i europeisk målstokk (Hordaland i tal nr 1-2015). Hordaland fylkeskommune legg vekt på, gjennom det regionale utviklingsarbeidet, å bidra til samfunnsutviklinga gjennom kunnskapsbygging innan mange ulike regionale innsatsområder som næringsutvikling, forskning, kulturfeltet, internasjonalt arbeid med fleire. Fylkeskommunen har gjennom ei årrekke stimulert kommunane i fylket til utviklingsarbeid innan lokal samfunnsutvikling, nærmiljøtiltak og næringsutvikling, mellom anna gjennom mange LivOGLystprosjekt og LUK-programmet (Lokal samfunnsutvikling i kommunane). Her har medverknad og mobilisering vore vektlagde som viktige premisser for arbeidet. Også på plansida har fylkeskommunen bidrege til merksemd på verdien av gode nærmiljø - og stadar gjennom etablering av gode møteplassar og ved konferansar. Nærmiljø- og tettstadsutvikling er innsatsområder i mange ulike nyare regionale planar i fylket. Ulike fagområder i fylkeskommunen sitt på brei kompetanse innan nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling som vil bli nytta inn i prosjektet.

Helsedirektoratet ønskjer gjennom utviklings- og kartleggingsarbeidet «*Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse*» at ein skal legge til rette for medverknad frå befolkninga i kartlegging og identifisering av kvalitativ kunnskap om nærmiljøkvalitetar, som enten fremjar eller hemmar helse og trivsel. Dette innsatsområdet er i tråd med retninga for folkehelsearbeidet i Hordaland. Fylkeskommunen set gjennom Regional plan for folkehelse 2014-2025, helsevenleg samfunnsplanlegging på dagsorden sterkare enn tidlegare. Fylkeskommunen ønskjer sterkt gjennom pådrivar- og samordnarrolla å bidra til å auke kunnskapsgrunnlaget for godt folkehelsearbeid i vår region.

For å bidra til å skaffe fram eit godt kunnskapsgrunnlag for nye planstrategiar både i kommunane og fylkeskommunen, er innsatsen særleg det siste året retta mot oversiktsarbeidet. Samlingar med kommunane viser eit stort behov for ny kunnskapsbygging særleg knytt til folkehelselova § 5.c. Den store interessa frå kommunane i fylket til å søkje deltaking gjennom tilskotsutlysinga, til trass for ferieavvikling, syner at kommunane ønskjer å prioritere utvikling av eige kunnskapsgrunnlag for oversiktsarbeidet svært høgt. Også gjennom utvikling av fylkeshelseoversiktsdokumentet er det avdekka manglande kunnskapsoversikt særleg innan områder som kan kartleggjast ved meir kvalitative metodar.

Hordaland fylkeskommune (HFK) deltok i pilotprosjektet «*Nærmiljøkvalitet og folkehelse for SFO*» i 2012-14 i samarbeid med Høgskulen i Bergen (HiB) og 3 kommunar. Gjennom pilotprosjektet etablere HFK eit tett samarbeid med ulike fagmiljø ved HiB innan nærmiljø- og folkehelsearbeid. Hordaland fylkeskommune ønskjer å vidareutvikle det gjensidige samarbeidet med HiB gjennom nytt prosjektarbeid.

Røynslene frå pilotprosjektet viser at kunnskapsutvikling sett frå kommunane sine eigne lokale føresetningar og ut ifrå eit nedanfrå og opp-perspektiv, er svært verdifullt for å skape identitet og forståing for folkehelsearbeidet lokalt. Utviklingsarbeidet har skapt gode synergieffektar for deltakarkommunane. Røynslene frå pilotprosjektet vil Hordaland fylkeskommune nytte inn i nytt kartleggings- og utviklingsprosjekt. Det er derfor ikkje lagt føringar for retninga i prosjektutviklinga frå regionalt nivå. Kommunane har skissert sine eigne innsatsområder i søknaden til Hordaland fylkeskommune. Dette inneberer også at kartleggings- og utviklingsarbeidet i eksempelkommunane i Hordaland vil få ulik innretning, og med dette gje eit breiare kunnskapstilfang.

8.2 Bakgrunn – sett frå deltakarkommunane

Askøy kommune

Askøy kommune er ei øykommune, med ei ung befolkning, ei befolkning i vekst og eit aukande fleirkulturelt samfunn. I utfordringsbildet som Askøy kommune trekkjer opp melder ein høgare del elevar mistrivnad og mobbing i grunnskulen enn i landet og Hordaland fylke elles. Kommunen har også identifisert høgare føre-

komst av psykiske lidningar enn kva tilfelle er i landet/Hordaland, og i kommunar ein kan samanlikne seg med. Kommunen ønskjer ei aktiv rolle og vil vere tett på å styre og påverke utviklinga i kommunen gjennom samfunnsutviklinga på områder som bustadutbygging, næringsetablering, infrastruktur med fleire. Ved å vere tett på og tilstade, så kjenner kommunen behova og skaper dialog med dei som bur og arbeider i kommunen, for å utvikle heile Askøysamfunnet i ei helsefremjande retning. Deltaking i utviklingsarbeid knytt til *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse* vil gje auka kunnskapsgrunnlag for samfunnsutviklinga i kommunen. Dette særleg knytt til å utvikle sosiale møteplassar og aktivitetsområder for nærmiljø og lokalsamfunn, med vekt på å nytte skulen/skuleområda.

Bømlo kommune

Bømlo kommune er ei vekst- og øykommune med desentralisert busetnad, og med variasjon mellom dei ulike lokalsamfunna frå industribygder til meir tradisjonelle øysamfunn. Kommunen har 400 ulike lag og organisasjonar, som bidreg til ulike arenaer for sosialt samvær, sjølv i dei mindre lokalsamfunna/bygdene. Bømlo kommune har lågt fråfall frå vidaregåande skule og høg gjennomsnittleg levealder. Kommunen skil seg ut frå snittet i Hordland og nasjonalt på fleire områder. Det er låg % av fråfall frå vidaregåande skule, høg gjennomsnittleg levealder og færre barn av eineførsørgjarar. Sjølv om kommunen har eit lågare snitt på utdanningsnivået, er det eit høgt gjennomsnitt på lønnsnivået. Det medfører at kommunen ikkje nødvendigvis har større sosiale skilnader med eit lågare snitt på utdanningsnivået. Bømlo kommune ønskjer deltaking prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse* fordi det er eit mål for kommunen å ha gode nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremje folkehelse der folk bur. Kommunen ønskjer særleg å kunne samanlikne korleis det er å bu i ulike lokalsamfunn i kommunen.

Fjell kommune

Kommunen er ei øy- og vekstkommune nær Bergen. Kommunen har gamle trafikknett. Sterk befolkningsvekst med 20 000 innbyggjarar etter at trafikknettet vart bygd på 1960-talet. Også sterkt press på trafikknettet pga. mykje pendling inn og ut av kommunen. Dette sjølv om det er god tettleik mellom bustader, arbeidsplassar, trafikknutepunkt, barnehagar osb. Folk køyrer til og frå skule, jobb og fritidsarenaer også om dei ligg i nærleiken. Det er registrert at barn og unge vert køyrde til skulen - året rundt. Barn og unge får no livsstilplager tidlegare enn tidlegare generasjonar. Der det er fortau og GS-vegar vert desse opplevd som uttrygge, forureina, støyande og lite attraktive. Kommunen har til tross for reiseundersøkingar, eit for dårleg kunnskapsgrunnlag knytt til korleis ein kan fremje meir aktive reiseformer i befolkninga. Kommunen har låg bruk av sykkel med rundt 1 %. Kommunen ønskjer gjennom prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse* auke eige kunnskapsgrunnlag inn mot kommuneplanlegginga. Kommunen treng ny kunnskap om aktive reiseformer i befolkninga, særleg knytt til skuleområder.

Stord kommune

Kommunen er ei øy- og vekstkommune sør for Bergen. I Stord kommune sin samfunnsdel vert det trekt fram at bydelane i Stord skal vere trygge oppvekstmiljø, med gode tilbod for unge og eldre, torg og møteplassar, og attraktive bustadområde for unge og gamle. Deltaking i prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse* og tilskotsmidlar skal nyttast for å få fram kunnskap om korleis kommunen kan bidra til etablering/ivaretaking av gode møteplassar og lokalt engasjement i lokalsamfunnet. Dette skal gjerast som eit delprosjekt knytt til arbeidet med kommunedelplanen for Sagvåg-Litlabø. Målet er å få eit breiare kunnskapsgrunnlag for dette planarbeidet og å utvikle gode metodar, for å skape engasjement og få fram kvalitativ kunnskap som også kan nyttast i anna utviklingsarbeid.

8.3 Hovudmål og delmål

Hordaland fylkeskommune og kommunane legg hovudmål og delmål utarbeidd av Helsedirektoratet til grunn for kartleggings- og utviklingsarbeidet.

Hovudmål frå Helsedirektoratet

Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse.

Delmål

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidrar til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.

- Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse.

Regionale mål

Mål og strategi for fylkeskommunen sin innsats i prosjektet er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-25 gjennom delmålet «Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga». Ein viktig strategi for å nå dette delmålet er «Bruke eksisterande kunnskap og auke kunnskapsgrunnlaget om faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helse». Revisjon av handlingsprogrammet skal starte hausten 2015. Prosjektet vil bli forankra i dette handlingsprogrammet.

Andre delmål for Hordaland fylkeskommune:

- Støtte opp under folkehelsearbeidet i kommunane gjennom kompetanseutvikling og kompetansedeling (tiltak 1.1.3 i handlingsprogram Regional plan for folkehelse).
- Formidle metodar og resultat frå utviklingsarbeidet til kommunane i fylket ved å nytte etablerte møteplasar (tiltak 1.1.3 i handlingsprogram Regional plan for folkehelse).
- Nytt kunnskapsutviklinga knytt til nærmiljø- og lokalsamfunn ved revisjonar av fylkeshelseoversikt, og ved revisjon av Regional plan for folkehelse (tiltak 1.2.1 i handlingsprogram Regional plan for folkehelse).
- Utvikle samarbeidet med kunnskapsmiljø og andre statlege aktørar knytt til feltet folkehelsearbeid, nærmiljø og lokalsamfunn (tiltak 1.2.5 i handlingsprogram Regional plan for folkehelse).
- Bidra til kunnskapspreiing regionalt og nasjonalt (tiltak 1.2.4 og 1.2.6 i handlingsprogram Regional plan for folkehelse).
- Bidra med tverrsektoriell kompetanse frå fylkeskommunen inn i prosjektet mot kommunane (kommunane er prioritert innsatsområde i HFK).

8.4 Vurdering av nytte med prosjektdeltaking

Dette prosjektet femner breidt og vil vere til nytte for mange nivå, frå den einskilde innbyggjar i lokalsamfunna og kommunane til utviklinga av folkehelsearbeidet generelt i kommune og fylke. Ein voner og at prosjektresultat i Hordaland kan vere til nytte nasjonalt. For Hordaland fylkeskommune vil prosjektet gi høve til å styrke det tverrsektorielle samarbeidet og gje folkehelsearbeidet ein meir sentral plass i planarbeidet og i det breiare arbeidet med lokal samfunnsutvikling.

9. Prosjektorganisering

9.1 Organisering fylkeskommunen/regionalt nivå

Deltaking av prosjektet er forankra hos fylkesdirektøren for regional utvikling som har det utøvande ansvaret for iverksetjing av Regional plan for folkehelse delegert frå Fylkesrådmannen. Hordaland fylkeskommune vil etablere samarbeid til aktuelle avdelingar i eigen organisasjon som har samarbeidspunkt med kommunane sine innsatsområder. Sjå pkt. 14.

Hordaland fylkeskommune

Prosjektansvarleg HFK:	Fylkesdirektør for Regional utvikling Bård Sandal
Prosjektleder HFK:	Else-Marie Brobakke Aarø
Styringsgruppe:	Leiargruppa Regionalavdelinga HFK
Prosjektgruppe:	Representant frå HiB, folkehelseteamet, næringsseksjonen, planseksjonen og kultur- og idrettsavdelinga. Prosjektledarar frå alle kommunar i prosjektet.
	Rolle: Koordinerande og utviklande funksjon. Sikre samarbeid på tvers i prosjektet.

Samarbeidsnettverk/ressursgruppe på regionalt nivå

Etablere ei gruppe rundt kvar kommune med ressurspersonar knytt til kommunen sitt innsatsområde: ein frå prosjektgruppa, andre seksjonar i HFK, folkehelsekompetanse, evt. statlege aktørar om behov.

For meir opplysningar om samarbeid sjå pkt. 14.

9.2 Organisering i kommunane

Søkjarkommunane har alle utarbeidd framlegg til prosjektorganisering. Felles for kommunane er prosjektansvarleg er rådmann eller representant frå rådmannen si leiargruppe. Prosjektgruppene/arbeidsgruppene er samansette med representantar frå ulike sektorar i kommunane. Kommunane koplur planavdelinga inn i arbeidet. Fleire nyttar politiske styringsgrupper for arbeidet. Fleire kommunar vil knyte ressursgrupper med representantar frå befolkinga/lag og organisasjonar tett på utviklingsarbeidet.

Askøy kommune

Prosjektansvarleg: Samfunnsmedisinsk avdeling ved kommuneoverlege.
Styringsgruppe: Styringsgruppe for barn og unge (SBU).
Prosjektleder: Rådgjevar miljøretta helsevern.
Arbeidsgruppe: Tverrsektoriell - frå skule, barnehage, kultur og plan. Folkehelsekoordinator fagleg rådgjevar.

Fjell kommune

Prosjektansvarleg Sty- Avdelingsleder plan.
ringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe.
Prosjektleder: Folkehelsekoordinator.
Arbeidsgruppe: Rep. frå plan- og utbyggingssjefen, kultursjefen og skulesjefen.
Referansegruppe: Rep. frå andre kommunale avd., skule, ulike frivillige organisasjonar/velforeiningar.

Bømlo kommune

Prosjektansvarleg: Folkehelsekoordinator
Styringsgruppe politisk og Folkehelseforum v/rådmann og kommunalsjefar, teknisk sjef. 3 politikarar, m.a. ordføraren.
administrativ: Tverrsektoriell samansett med representant for alle einingar og folkehelsekoordinator.
Arbeidsgruppe: Grendelaga skal involverast.
Referansegrupper:

Stord kommune

Prosjektansvarleg: Rådmannen
Styringsgruppe: Folkehelserådet (tverrfaglig styringsgruppe for folkehelsearbeidet).
Prosjektleder: 20 % stillingsressurs /del av anna kommunal stilling
Prosjektgruppe: 2-3 kommunalt tilsette (folkehelsekoordinator, skule, plan eller lign.) og representantar frå innbyggjarane ev. lokale organisasjonar.
Anna: Prosjektet vert utført i tett samarbeid med prosjektgruppe for kommunedelplanen for aktuelt innsats område.

9.3 Forankring– administrativt og politisk – plangrunnlag

Søknadane syner god og høg forankring av det planlagde prosjektarbeidet i kommunane. Gjennomgangen nedanfor syner det same. Både Hordaland fylkeskommune og alle deltakarkommunane knyt utviklingsarbeidet inn mot ulike planar som er politisk vedtekne. Det blir gjennomgåande lagt vekt på i søknadane frå kommunane at det nye kunnskapsgrunnlaget skal nyttast inn i det kommunale utviklingsarbeidet på mange ulike nivå.

I fleire kommunar er politikarar medlemar av styringsgruppa. Trong for ytterlegare forankringsarbeid og/eller orientering til politiske organ vil vere tema i samarbeidsavtalen som skal inngåast mellom HFK og deltakarkommunane. Samarbeidsavtalene vil og avklare kva kommunane planlegg å gjennomføre av kartleggings- og utviklingstiltak

Regionalt nivå/Hordaland fylkeskommune

Politisk nivå

Utviklingsarbeidet er forankra i Regional plan for folkehelse vedteken samrøystes av Fylkestinget i 2014. Handlingsprogrammet skal reviderast våren 2016. Det vil bli utarbeidd ei referatsak (meldingssak) om oppstart av kartleggings- og utviklingsarbeidet til fagutvala etter konstituering av nytt Fylkesting hausten 2015.

Administrativt nivå

Fylkesdirektør for regionalutvikling har fått delegert oppfølgingsansvar for folkehelsearbeidet i HFK frå rådmannen. Prosjektet er også forankra i leiargruppa for Regionalavdelinga ved at denne er styringsgruppe.

Kommunane politisk og administrativt nivå

Askøy kommune

Søknad til HFK er underteikna av leiar for samfunnsmedisinsk avd. Samfunnsdelen til kommuneplanen fram til 2030 blei politisk vedteken i juni 2015. Grunnlaget for utviklingsarbeidet på folkehelse ligg her. Folkehelse er tverrgående i samfunnsplanen og er kommunen sin "folkehelseplan. Ein hovudmålsetting er at «i 2030 er innbyggerne på Askøy stolt over sine levende og varme lokalsamfunn».

Bømlo kommune

Søknad til HFK er underteikna av rådmann. Etter samfunnsdelen til kommuneplanen blei vedteken i 2014, skal kommunen *jobbe systematisk for å sikre gode oppvekst vilkår*. Kommunen har også årleg handlingsplan for folkehelsearbeidet. Dei årlege innsatsområda vert valde ut på grunnlag av det lokale utfordringsbildet. Fleire tiltak blir valde for å forsterke områder som er bra for kommunen, mens andre er knytt opp mot utfordringsbildet.

Fjell kommune

Søknaden til HFK er underteikna ordførar. Målsettingane om å få barn og unge til å sykle er forankra i Kommuneplanen sin arealdel 2015-26, sykkelstrategi for 2015-18, kommunedelplan for trafikksikring 2013-16 og kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-18.

Stord kommune

Søknaden er underteikna av kommunalsjef for rådmannen. Utviklingsarbeidet er knytt opp til planprogram for kommunedelplan for bydelen Sagvåg -Litlabø. Kvalitativ kunnskap vil inngå som kunnskapsgrunnlag i kommunedelplanen, samt integrert i oversiktsdokumentet. Skal inn i grunnlaget for kommunal planstrategi.

10. Gjennomføring – kommunane sine spissa problemstillingar/innsatsområder (tiltak)

10.1 Lokale innsatsområder, målområder og problemstillingar

Som nemnd i pkt. 8.3 vert Helsedirektoratet sine mål og delmål lagt til grunn for arbeidet. Deltakarkommunane har på ulike måtar avgrensa problemstillingane sine og nokre har utarbeidd lokale mål/innsatsområder i tillegg. Desse er vist nedanfor.

Kommunane viser at dei seinare vil utvikle tiltak ved å implementere resultatane frå kartleggings- og utviklingsarbeidet inn i dei kommunale planane. Det er derfor ikkje på noverande tidspunkt identifisert slike tiltak. Når «tiltak» vert nytta i samband med søknaden er dette knytt til aktivitetar som skal mobilisere befolkninga for å få fram ny kvalitativ kunnskap.

Askøy kommune

Korleis kan kommunen kartlegge og identifisere nærmiljø - og lokalsamfunnskvalitetar som verkar inn på helsa til innbyggjarane gjennom medverknad frå dei som bur i nærmiljøet/lokalsamfunnet? Askøy kommune vil sjå nærmare på korleis kommunale planprosessar og tiltak kan vere med å fremje helse og trivsel hos innbyggjarane, med bakgrunn i innbyggjarane sin kunnskap om sine nærmiljø og lokalsamfunn. Målet med kartlegging- og utviklingsarbeidet for kommunen er å auke satsinga på at skulen sine uteareal og parkar/grønstrukturar vert viktige arenaer som grøne lungar, aktivitets- og samlingsplassar for heile nærmiljøet.

Kartleggings- og utviklingsområde:

Bruk av skulen/skuleområdet og parkar/grønstrukturar som sosiale møteplassar og aktivitetsområde for nærmiljø og lokalsamfunn. Korleis kan kommunale planprosessar og tiltak kan vere med å fremje helse og trivsel hos innbyggjarane, med bakgrunn i innbyggjarane sine nærmiljø og lokalsamfunn.

Rammer for kartlegging og seinare tiltaksutvikling

Kommunen har gjennom arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen identifisert fleire moglege områder som kan nyttast i eit kartleggings- og utviklingsarbeid. Nedanfor er nemnde nokre av dei identifiserte områda. Kommunen er særleg oppteken av dei fremjande faktorane.

- Kva særpregar eit godt nærmiljø/lokalsamfunn?
- Kva skaper identitet i eit nærmiljø/lokalsamfunn?
- Korleis kan vi samarbeide i lokalsamfunnet (kommune, næringsliv, frivillighet) for å utvikle gode nærmiljø og lokalsamfunn?

- Korleis etablere formelle og uformelle medverknad arenaer for barn og unge?
- Korleis skape nærmiljø og lokalsamfunn som stimulerer til meir leik og fysisk aktivitet? Med fleire.

Bømlo kommune

Bømlo kommune, med ein desentralisert busetnad, skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremje folkehelse der folk bur (alle aldrar). Delmål: Auka kunnskap om barn og unge i kommunen sine nærmiljø og nærmiljøkvalitetar.

Kartleggings- og utviklingsområde:

Kartlegge tre ulike lokalsamfunn i kommunen med ulike kvalitetar – Mosterhamn, Espevær og Rubbestadneset. Sjå på kva faktorar som fremjar (og hemmar) deltaking i lokalsamfunnet i dei ulike lokal samfunna.

Rammer for kartlegging og seinare tiltaksutvikling:

Kommunen ønskjer å få svar på dette i arbeidet:

- Lokalsamfunna: Deltaking i aktivitetar knytt til medlemskap i lag og organisasjonar: er det ope for alle å delta? og kva konsekvens har det for dei som fell utanfor?
- Barn og unge: Er det informasjon frå elevar om tiltak i nærmiljøet deira - i datakjelder frå skulehelsetenes- ta? og har desse påverknad i unge sitt tilvære? Systematisere anonyme elevsamtalar over ord frå skulehelsetenesta for å auke kunnskapen om barn og unge.
- Systematisering av lokal kunnskap kan bidra til identifisering av gode måle indikatorar.
- Eldre?

Fjell kommune

Auke kunnskapsgrunnlaget gjennom å spørje skuleborn og lokalbefolkning, for å få ein heilskapleg oversikt over korleis dei opplever og nyttar vegane i nærområdet.

Kartleggings- og utviklingsområde:

Kommunen ønskjer særleg å kartleggje barn sin noverande bruk av aktiv transport til skulen, med føremål om å få fleire til å gå eller sykle til skulen og redusere biltrafikk. Korleis vil ulike kvalitetar i nærmiljøet påverke helse i positiv eller negativ forstand, og sjå kva som kan gjerast for å styrkje helsefremjande faktorar og svekke dei negative.

Rammer for kartlegging og seinare tiltaksutvikling:

Kommunen ønskjer å få svar på:

- Er det for farleg eller for langt å gå til nærmaste butikk, skule eller idrettsanlegg?
- Kvar kan kommunen knyte bustadområde/nærmiljø saman ved hjelp av anna type infrastruktur enn asfalterte vegar?
- Kvar kan det etablerast snarvegar gjennom skog og mark?
- Korleis kan kommunen leggje til rette for attraktive og spennande vegar som stimulerer barn og unge til meir fysisk aktivitet?

Faktorar og kvalitetar i nærmiljøet kommunen trekkjer fram som aktuelt å undersøke som kan fremje/hemme helse er: natur og friluftsområder, bruk av aktiv/passiv transport, kollektivtilbod, forureining, tryggleik, naboskap, sosiale møtestadar, intergrering, fritids- og kulturtilbod, oppvekstvilkår, skule, barnehagar, SFO, butikkar og shopping. For barn og unges skuleveg vil mange av desse vere med på å påverke helse i positiv eller negativ forstand. Særleg trafikk, tryggleik og tilgang til natur langs vegane er interessant i prosjektet.

Stord kommune

I Stord kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen vert det trekt fram at bydelane i Stord skal vere trygge oppvekstmiljø, med gode tilbod for unge og eldre, torg og møteplassar, og attraktive bustadområde for unge og gamle.

Kartleggings- og utviklingsområde:

Få fram kunnskap om korleis kommunen kan bidra til etablering/livaretaking av gode møteplassar og lokalt engasjement i lokalsamfunnet. Dette skal gjerast som eit delprosjekt knytt til arbeidet med ny kommunedelplan for ein av bydelane i Stord. Målet er å få eit breiare kunnskapsgrunnlag for dette pla-

narbeidet og å utvikle gode metodar for å skape engasjement og få fram kvalitativ kunnskap som kan nyttast i anna utviklingsarbeid.

Rammer for kartlegging og seinare tiltaksutvikling:

Medverknadsprosessen skal knytast til planlegging av gode møteplassar og eit triveleg og levande nærmiljø.

Oppgåver i arbeidet er:

- å kartlegge og samle relevant informasjon frå etablerte medverknadsarenaer og nyare lokale undersøkingar.
- Utarbeide strategi for medverknad i kommunedelplanarbeidet med særleg fokus på utsette grupper.
- Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming. Integrere innbyggjarane sine perspektiv i kommunedelplanen.
- Utforme tiltak og støtte opp under bruken av desse.

10.2 Perspektiv som kan nyttast i utviklingsarbeidet

Dei ulike lokale problemstillingane og breidda i desse gjev høve til å vidareutvikle kartleggings- og utviklingsarbeidet sett frå ulike perspektiv. Hordaland fylkeskommune vil ta nærmare val om kva perspektiv som skal knytast opp til arbeidet i samarbeid med dei aktuelle kommunane. Det vil vere naturleg å knyte kompetanse/ressurspersonar til prosjektet etter kva perspektiv som skal vere mest gjeldande.

perspektiv	Askøy	Bømlo	Fjell	Stord	
areal	x		x	x	
psykologisk miljø	x	x	x	x	
Samferdsel			x		
sosialantropologisk	x	x		x	
sosiologisk		x		x	

11. Økonomi

11.1 Tiltak det vert søkt midlar til

Hordaland fylkeskommune

Hovudaktivitetar/Tiltak: (for detaljar sjå pkt 15 framdriftsplan).

- Etablere prosjektorganisasjon
- Samlingar: lokalt, regionalt og nasjonalt
- Kompetanse/utviklingsarbeid kommunar
- Sluttrapportering og evaluering

Kommunane

Aktivitetar/Tiltak:

- Prosjektleiing
- Vidareutvikle prosjektet/handlingsplan/strategiar for medverknad lokalt
- Kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt
- Mobiliseringsarbeid i nærmiljøa – orientering om utviklingsarbeidet
- Utvikling av kartleggingsmetodikk – prøve ut metodar
- Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming
- Analyse/resultatbearbeiding
- Utvikle system/struktur for implementering av resultat inn i plan og oversiktsdokument – integrere innbyggjarane sine perspektiv
- Utforme tiltak for implementering i kommunale planar (frå 17).
- Rapportering/erfaringsdeling
- Evaluering

11.2 Oversyn over tilskotsmidlar, eigen finansiering og eigen innsats i perioden 2015-17

Vi viser til budsjett under søknad om tilskot i Altinn.

12. Medverknad frå lokalbefolkninga

Oppsettet nedanfor syner at deltakarkommunane i stor grad vektlegg å involvere lokalbefolkninga tett og breitt inn i prosjektet. Det førebelse opplegget er litt ulikt frå kommune til kommune. Dette vil bli spissa og vidare utvikla om Hordaland blir prosjektfylke. Kommunane byggjer i sterk grad på lokale strukturar som grendelag og organisasjonsliv som samarbeidspartar for kommunane, men vil også utvikle den tverrsektorielle samhandlinga i eigen kommuneorganisasjon.

Askøy kommune

Målgruppe og plan for mobilisering av befolkninga:

Kommunen vil i prosjektet frå fram individ og lokalsamfunnet sin kunnskap om kva som hemmar og kva som fremjar deltaking og aktivitet i ulike lokalsamfunn. Kommunen ønskjer å bli enda flinkare på å bruke skule/skuleområdet og parkar/grønstruktur som sosiale møtestadar og aktivitetsområde for nærmiljø og lokalsamfunn.

- Hovudmålgruppa for medverknadsarbeidet er barn og unge
- Men også andre grupper av befolkninga er aktuelle for å sikre livsløpsperspektivet
- Vil vidareføre den breie involveringa gjennom medverknadsprosessar breitt i kommunen frå arbeidet med utvikling av kommuneplanen sin samfunnsdel (2014-15).

Eigen kompetanse og forslag til metodar:

Kommunen har nytta eit sterkt empowerment-perspektiv inn i arbeidet med utvikling av ulike plangrunnlag dei siste åra. Dette skal leggest til grunn for nytt prosjekt. Aktuelle metodar er ikkje oppgjevne. Kommunen vil også kople planavdelinga sin kompetanse på medverknadsprosessar breiare ut i kommunen.

Bømlo kommune

Målgruppe og plan for mobilisering av befolkninga:

Bømlo kommune ønskjer å kartlegge og identifisere nærmiljøkvalitetar i tre ulike lokal samfunn i kommunen: *Mosterhavn, Espevær og Rubbestadneset* ved å involvere befolkninga i dei tre lokalsamfunna, men også samarbeide mot andre lokalsamfunn i kommunen. Gjennom eit delmål vil ein også å sjå nærare på barn og unge.

Bømlo kommune er opptekne av at mesteparten av folkehelsearbeidet føregår i lokalsamfunna, mykje gjennom aktivitet generert av ulike lag og i organisasjonsarbeidet.

- Det er teke kontakt med leiar i alle dei tre grendeutvala som alle stiller seg positive til deltaking.
- Grendelaga i dei tre lokalsamfunna vil bli samarbeidspart, men også laga i resten av kommunen.
- Kommunen vil i tillegg nytte etablerte møtefora med lag og organisasjonar til dialogmøter. Det er god tradisjon for å nytte slik kunnskap som grunnlag for planar og tiltaksutvikling i kommunen.
- Kommunen vil i tillegg systematisere kunnskap frå skulehelsetenesta for å få fram kunnskap om korleis barn og unge opplever nærmiljøet sitt.
- Samarbeide med eldreråda.

Eigen kompetanse og forslag til metodar:

Medverknadsmetodar og opplegg er ikkje utvikla førebels utover dialogmøter som kommunen har god tradisjon for. Kommunen har god eigen kompetanse på førebyggjande og helsefremjande utviklingsarbeid og god røynsle frå medverknadsprosessar.

Fjell kommune

Målgruppe og plan for mobilisering av befolkninga:

Målgruppe er barn og unge, og befolkninga elles i kommunen. Fjell kommune har avgrensa innsatsområdet til kartlegging av kva som skal til for at barn og unge i heile kommunen skal bruke aktiv transport til skulen og kan nytte meir eigne nærområde på ein trygg og aktiv måte.

Kommunen vil med dette som utgangspunkt kartlegge og identifisere nærmiljøkvalitetar gjennom dialog med skulebarn og lokalbefolkning, for å få ei heilskapleg oversikt over korleis dei opplever og nyttar vegane i nærmiljøet:

- Involvere befolkninga tidleg, og breitt.
- Synfaring i velforeiningar/grendelag
- Ha work-shop i lokalsamfunna for å involvere befolkninga breitt.
- Direkte kontakt med barn, unge og andre ved å kanskje ta i bruk app på mobil «trafikkagenten».
- Nytte ungdommens kommunestyre
- Bruke barnetråkk

Eigenkompetanse og forslag til metodar:

Kommunen har god eigen kompetanse på medverknadsarbeid i planavdelinga som skal koplast tett på prosjektet. Kommunen har ikkje lagt endelige rammer, men vil byggje på innspel frå innbyggjarane sine. Ønskjer å nytte barnetråkk, og ein mobil App. Har utvikla førebelse spørsmål kommunen vil ha svar på.

- Er det farleg eller for langt å gå til næraste skule, idrettsanlegg eller butikk?
- Kvar kan vi knyta bustadområde/nærmiljø saman ved hjelp av annan type infrastruktur enn asfalterte vegar?
- Kvar kan det etablerast snarvegar gjennom skog og mark?
- Korleis kan kommunen leggja til rette for attraktive og spennande vegar som stimulerer barn og vaksne til fysisk aktivitet?

Stord kommune

Målgruppe og plan for mobilisering av befolkninga:

Målgruppe er befolkninga i det geografiske området Sagvåg og Litlabø. Stord kommune avgrensar kartleggings- og utviklingsarbeidet for å identifisere nærmiljøkvalitetar til dette området, særleg for å få fram eit godt kunnskapsgrunnlag i utvikling av kommunedelplan for området.

Kommunen legg mest vekt på å få fram kunnskap om korleis kommunen kan bidra til etablering/ivaretaking av gode møteplassar og triveleg og levande miljø.

- Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming. - Integrere innbyggjarane sine perspektiv i kommunedelplanen. Utforme tiltak og støtte opp under bruken av desse.
- Kommunen vil etablere prosjektgruppe med lokale innbyggjarar, særleg for å høyre grupper som t. d, barn/unge, småbarnsfamiliar, eldre, tilflyttarar og framandkulturelle.
- Samle og kartlegge gjennom å nytte etablerte medverknadsarenaer, lokale tiltak og undersøkingar
- Utarbeide strategi for medverknad i kommunedelplanarbeidet med særleg fokus på utsette grupper.
- Utarbeide handlingsplan for medverknad.

Eigenkompetanse og forslag til metodar:

Stord kommune har gjennomført ulike medverknadsprosessar som kjelder til planarbeid dei siste åra. Hurtig Kartlegging og Handling blant ungdom på Stord, LivOGLyst i bydelen Sagvåg- Litlabø, folkehelseforum som medverknadsarena. Kommunen vil byggje på dette og hente inn nye metodar i arbeidet.

13. Implementering og oppfølging i kommunane

13.1 Nærmiljøperspektiv inn i utarbeiding av 4-årig oversiktsdokument

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune utviklar 1. generasjon fylkeshelseoversikt som skal leggjast fram for politikarane i 2015. I identifiseringsarbeidet av kva som hemmar og kva som fremjar helse har behov for ny kunnskap på fleire områder allereie peika seg ut. Kunnskapsutviklinga frå prosjektet vil bli vurdert inn ved revisjon av fylkeshelseoversikta, ligge til grunn for nye kunnskapsutviklingsprosjekt i fylkeskommunen særleg knytt til verdien av kvalitative kunnskapskjelder, samt bidra til styrka vegleieing frå fylkeskommunen til kommunane.

Askøy kommune

Kommunen er tydeleg på at kvalitativ kunnskap om nærmiljøkvalitetar manglar i dag og at det er viktig for kommunen å få dette med ved revisjonar av oversiktsdokumentet. Kommunen ønskjer å utvikle eit breiare kunnskapsgrunnlag. 1. generasjon oversiktsdokumentet som skal ferdigstillast hausten 2015 etter at nytt kommunestyre er konstituert byggjer mykje på eit kvantitativt kunnskapstilfang. Resultat av oppdatert oversiktsdokument skal nyttast inn i rullering av ei kommunale planane.

Bømlo kommune

Eit mål med prosjektet er å styrke folkehelseperspektivet med i all planlegging, at både positive og negative faktorar vert avdekkja og teke tak i. Oversiktsdokumentet skal reviderast våren 2016 - prosjektdeltaking vil bidra til framdrift i dette arbeidet. Kunnskapsinnhenting skal også knytast opp mot det løpande oversiktsarbeidet.

Fjell kommune

Har liten kunnskap i dag knytt til barn og unge sine skuleveggar. utfordringsbildet i prosjektet skal drøftast i arbeidsgruppa og løftast inn i planlegginga. Kommunen arbeider no med revisjon av oversiktsdokumentet. Gode døme skal inkluderast i folkehelseoversikta, for inkludering i framtidige kommunale planar.

Stord kommune

Kvalitativ kunnskap vil inngå som kunnskapsgrunnlag i kommunedelplanen for Sagvåg og Litlabø, samt bli integrert i oversiktsdokumentet. Arbeidet skal legge grunnlaget for kommunal planstrategi. Dokumenta vil bli brukt av ulike lokale aktørar.

13.2 Implementering i plan- og utviklingsprosessar

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har starta rulleringa av regional planstrategi. Våren 2016 skal Regional plan for folkehelse sitt handlingsprogram reviderast. Ny kunnskap vil ligge til grunn for revisjonen særleg knytt til plan-temaa *Heilskapleg folkehelsearbeid* og *Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader*. Rapport frå kartleggings- og utviklingsarbeidet skal gjerast tilgjengelig for planleggjarar på andre saksområde i Hordaland fylkeskommune.

Askøy kommune

Kommunen arbeider målretta med å gje folkehelsearbeid ein sentral plass i samfunnsplanlegginga i kommunen. Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sin folkehelseplan. Samfunnsdelen til kommunedelen fram til 2030 er politisk vedteken i juni 2015. Grunnlaget for utviklingsarbeidet på folkehelse ligg her. Folkehelse er tverrgåande i samfunnsplanen og kommunen sin "folkehelseplan. Ny kunnskap kan nyttast mot handlingsdelen til samfunnsdelen, i økonomiplan og i arealdelen.

Bømlo kommune

Ny kunnskap skal nyttast ved revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen vedteken i 2014. Kunnskapen skal nyttast ved rullering av årleg handlingsplan for folkehelse og dermed til gjennomføring av konkrete tiltak. Dei årlege innsatsområda vert valde ut på grunnlag av det lokale utfordringsbildet. Fleire tiltak blir valde for å forsterke områder som er bra for kommunen, mens andre er knytt opp mot utfordringsbildet. Ny kunnskap - særleg utvikla på grunnlag av systematisering av kunnskap frå skulehelsetenesta - skal sikre målretta bruk av lokal kunnskap inn i arbeid for barn og unge.

Fjell kommune

Kunnskapen skal brukast inn i arbeidet med ny kommuneplan og inn i årleg handlingsplan for folkehelsearbeidet.

Stord kommune

Utviklingsarbeidet er knytt opp til planprogram for kommunedelplan for bydelen Sagvåg -Litlabø. Kvalitativ kunnskap vil inngå som kunnskapsgrunnlag i denne kommunedelplanen, samt bli integrert i oversiktsdokumentet. Arbeidet skal legge grunnlaget for kommunal planstrategi. Dokumenta vil bli brukt av ulike lokale aktørar.

14. Fylkeskommunen sin prosjektleiarrolle – samarbeid om kunnskapsbygging med kommunane, regional utdanningsinstitusjon og andre

14.1 Samarbeid og kompetansebygging, støtte og vegleiing til kommunane

Hordaland fylkeskommune vil etablere prosjektorganisering som sikrar tett dialog med deltakarkommunane gjennom utviklingsarbeidet og deltaking frå kommunane i regional prosjektgruppe. Detaljert formidlingsplan og framdriftsplan/handlingsplan vil bli utvikla i samarbeid. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for deltaking av ulike ressurspersonar i fylkeskommunen, andre statlege etatar, HiB og kommunane i prosjektet.

Samarbeid internt i HFK og mellom HFK og kommunane

- Ulike seksjonar i fylkeskommunen vil inngå i samarbeid med kommunane. Endeleg avklaring om aktuelle samarbeidsseksjonar kjem dersom Hordaland vert tildelt prosjektmidlar.
- Alle deltakarkommunane har utvikla eigen prosjektorganisasjon. Hordaland fylkeskommune sin rolle blir å sikre utvikling av arbeidet gjennom prosjektleiing. Eit viktig mål er at eksempelkommunane skal sitje tett på utvikling av det regionale arbeidet.
- For å sikre og hente ut kompetanse og erfaringsdeling, kan det vere hensiktsmessig å etablere regional prosjektgruppe og samarbeidsnettverk med representantar frå deltakarkommunane.
- Kompetanse fylkeskommunen har på medverknadsarbeid og metodar både innanfor planarbeid og lokal samfunnsutvikling vil bli nytta i prosjektet.
- Nettverksamlingar med kommunane: Fylkeskommunen har gjennom ei årrekke arrangert møteplasar/erfaringsamlingar for folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen vil arrangere samlingar der erfaringar og metodar blir delt med alle kommunane i fylket.

Vidareutvikling av samarbeidspunkt/møtepunkt vil bli utvikla seinare.

14.2 Kompetansebygging med regional utdanningsinstitusjon – Høgskulen i Bergen

Hordaland har ulike utdanningsmiljø innan folkehelse. Hordaland fylkeskommune er i gang med å etablere eit formelt samarbeid med Høgskulen i Bergen for å sikre samhandling og ivaretaking av «følgje-med rolla» i prosjektet. Avtalen vil ikkje gjelde sluttevaluering. Sjå pkt.14.3. Fylkeskommunen og HiB har gjensidig interesse av å vidareutvikle eit etablert FOU-samarbeid knytt til folkehelse og nærmiljø. HiB er innforstått med at det kan vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar i prosjektperioden.

Bakgrunn for val av hovudsamarbeidspart

Høgskulen i Bergen har ei breidde av ulike utdanningstilbod som har folkehelse- og nærmiljøinnretning (fag- og grunnutdanningar, bachelor- og masterutdanningar). Gjennom deltaking i pilotprogrammet «folkehelse og nærmiljøkvalitetar for SFO» der høgskulen var prosjektleiar og fylkeskommunen samarbeidspart, er eit godt grunnlag for FOU-samarbeidd etablert. Fleire ulike fagmiljø ved HiB har delteke og bidrege med ulik fagkompetanse på folkehelsearbeid og nærmiljøutvikling, i tett samarbeid med kommunar og fylkeskommunen. Høgskulen set på god grunnkompetanse for vidareutvikling av eit etablert samarbeid knytt til folkehelse og for å implementere folkehelsearbeid inn i ulike utdanningar. Fagmiljøa ved HiB innehar også kompetanse knytt til ulike perspektiv på nærmiljøutvikling. Det er eit mål frå Helsedirektoratet gjennom gjeldande utvikling- og kartleggingsarbeid at kunnskap om folkehelse/nærmiljø skal integrerast i utdanningar. For Hordaland fylkeskommune er det viktig å vidareutvikle lokalt samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunen og eit breitt FOU/utdanningsmiljø om folkehelsearbeid. Felles regional retning på folkehelsearbeidet er ei målsetting. Gjennom HiB som samarbeidspart kan kunnskap om folkehelse og nærmiljøarbeid nå ut breitt til ulike utdanningsgrupper. Samarbeidet med HiB vil avklarast nærare dersom HFK får prosjektmidlar. Det same gjeld aktuelle oppgåver for høgskulen knytt til følgje-med-rolla og oppgåver med kompetansebygging og formidling.

14.3 Samarbeid med andre statlige aktørar

Det kan vere aktuelt å knyte til seg kompetanse frå andre lokale statlege aktørar i prosjektet. Trong for andre statlege samarbeidspartar vil bli avklara seinare i samarbeid med kommunane.

Kontaktperson på folkehelsearbeid ved Fylkesmannen i Hordaland er orientert om at Hordaland fylkeskommune søker prosjektmidlar i samarbeid med kommunar.

14.4 Evaluering

Sluttevaluering/ resultatevaluering:

Hordaland fylkeskommune legg opp til samarbeid med Helsedirektoratet og med andre deltakar fylke om felles resultatevaluering. Dette etter råd frå Helsedirektoratet og under føresetnad av interesse av andre fylkeskommunar. Målet med denne må vere å få fram ny kunnskap som følgje av kartleggings- og utviklingsarbeidet knytt til kriteria for måloppnåing sett av Helsedirektoratet.

Prosessevaluering:

For Hordland fylkeskommune er evaluering av arbeidsprosessen underveis viktig i arbeidet. Det vil bli utvikla system for dette i regi av Hordaland fylkeskommune og i samarbeid med HiB og kommunane.

14.5 Kunnskapsdeling og formidlingsplan – førebels plan

Formidlingsplanar må utviklast på både lokalt og regionalt nivå. Røynsler frå pilotprosjektet «Nærmiljøkvalitet og folkehelse for SFO» syner at formidling frå kommunane sjølv og ut i mot befolkninga/kommunane skaper engasjement og interesse. Det er derfor viktig at kommunane får eigarskap til å dele ny informasjon i eigen kommune.

Fleire av kommunane formidlar i søknaden sin til Hordaland fylkeskommune at dei vil dele kunnskap og bidra med erfaringar både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Det regionale nivået sin rolle er å sikre erfaringsdeling og kunnskapsformidling regionalt og nasjonalt, gjennom møteplassar, konferansar og nettverk.

Utvikling av opplegg med døme på metodar mm.

Aktivitet	2015	2016	2017
Gjere tilgjengeleg: ulike metodereportar i regi av kommunane – t.d handlingsplanar for medverknad, prosjektrapportar med metode-samling (fleire kommunar vil dele slike), utvikling av tiltak mm. Skal ha overføringsverdi til andre.			x
Gjere tilgjengeleg kommunale sluttrapportar (nokre kommunar planlegg dette).			x

Kunnskapsdeling kommunar – formidling til andre kommunar

Aktivitet	2015	2016	2017
Kunnskap- og erfaringsdeling i prosjektnettverk	x	x	x
½ års samlingar for deltakarkommunane – erfaringsdeling (samarbeid med utdanningsinstitusjon).	x	x	x
Utvikle lokale formidlingsplanar - kommunane	x	x	
Lokal kunnskapsheving og deling; Seminar/samlingar i regi av kommunane om det lokale prosjekt – når kommunane inviterer, dele ny kunnskap/erfaringar tverrsektorielt i kommunane sin eigen organisasjon.	x	x	x
Nytte regionale nettverk/råd. Fleire kommunar ønskjer å ta i bruk etablerte nettverk som delingsarenaer.	x	x	x
Regionalt; Regionale samlingar – folkehelsenettverk og andre relevante regionale fora.	x	x	x
Nasjonale: Samlingar og konferansar			
Nettsider – lokal presse (gode erfaringar med dette frå SFO- prosjektet)		x	x

Kunnskapsdeling kunnskapsinstitusjon/HIB - overføringsverdi

Aktivitet	2015	2016	2017
Samlingar for deltakarkommunane med forskning og prosjekterfaringar som har nytte for prosjektutviklinga i kommunane.	x	x	
Legge til rette for studentoppgåver i regi av HIB. Hospitering?		x	
Sikre at ny kunnskap om folkehelse og nærmiljø blir implementert i dei relevante kunnskapsmiljøa jfr. følgje-med ansvaret.		x	x
Rapport - HIB sitt bidrag med kunnskapsbygging om lokalt folkehelsearbeid og korleis «følgje med rolla» er ivareteke i prosjektet.			x
Legge til rette for forskingsarbeid i samarbeid med kommunar. Kunnskapsspreiing			

Overføringsverdi og andre formidlingskanalar

Aktivitet	2015	2016	2017
HFK sine nettsider – informasjon, metodedeling og rapportar	x	x	x
Revidere fylkeshelseoversiktsdokument med ny aktuell kunnskap			x
Fylkeskommunal rapport – samle delrapportar frå kommunane			x
Arrangere sluttkonferanse – nærmiljø, nærmiljøkvalitetar, folkehelse, plan/oversiktsarbeid //resultat - brei målgruppe			x
Evaluering i samarbeid med andre fylkeskommunar - rapport			x/18

15. Førebels framdriftsplan prosjektutviklingsarbeidet

	2015	2016	2017
Prosjektleiing fylkeskommeune			
Forankringsarbeid	x		
Søknadsprosess – val av kommunar- -beslutningsnotat	x		
Samarbeidsavtale med kommunar	x		
Etablere prosjektorganisasjon	x		
Utvikle prosjektplan i samarbeid med kommunar	x		
Samarbeidsavtale med HIB	x		
Samarbeidsavtale med andre >?	x		
Rapportering	x	x	x
Utvikling av formidlingsplan - hovudaktivitetar			
. Sjå pkt 14.4	x	x	x
Kommunane			
Prosjektorganisering, prosjektutvikling og forankring lokalt, tverrsektorielt	x		
Definere kartleggingsområde- kva har vi allereie og spisse problemstilling Utvikle endeleg handlingsplan for prosjektet	x	x	
Definere behov for kompetanse og metodar knytt til val av kartleggingsområde	x		
Delta i kompetanseheving i samarbeid med fylkeskommunen/høgskule	x	x	
Mobiliseringsarbeid i nærmiljøa – orientering om utviklingsarbeidet			
Gjennomføre kartlegging Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming		x	
Analyse/resultatbearbeiding		x	x
Utvikle system for innarbeide evt. ny kunnskap inn i oversiktsarbeidet		x	x
Vurdere ny kunnskap inn i kommunale planprosessar og dokument			x
Delta på prosjektsamlingar	x	x	
Lokal kunnskapsformidling og profilering			x
Delta på regionale samlingar- kunnskapsoverføring		x	x
Kompetanse/samarbeid høgskule – følge med ansvaret			
Utvikling av program/grunnpakke i samarbeid med HFK	x		
Gjennomføre opplæring		x	

Vegleiring inn i prosjektet		x	
Eigne bidrag frå høgskulen			
? utvikling av forskingsproblemstillingar	x	x	x
Studentpraksis		x	
Masteroppgåver		x	x
Kompetanseoverføring inn i studiar		x	x
Kompetansebygging fylkeskommune			
Kartlegge eigenkompetanse på medverknadsprosessar og mobilisering	x		
Kartlegge eigenkompetanse på kvalitative metodar	x		
Plan for metodeutvikling og kompetanseheving	x	x	
Utvikle prosjektorg for støtte/vegledning til kommunane	x	x	x
Bidra i analyse av kartleggingsdata		x	x
Kjøp av kompetanse?			
Opplæringsprogram for kommunane	x		
Utvikle strategiar for medverknad lokalt i samarbeid med kommunane	x	x	
Rapportering og Evaluering			
Undervegsrapportering – kommunar, fylkeskommune	x	x	x
Følgje-med rapport Hib			x
Etablere samarbeid med andre fylkeskommunar, utvikle oppdrag for evaluering – gjennomføre evaluering		x	x
Plan for publisering		x	

Vedlegg

Beslutningsnotat: vedlegg 1
 Søknad om deltaking i prosjektet: vedlegg 2